

Notat

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Kopi: JKN, her

Arkivsak
09/1442

Arkivkode
212

Dato
20.05.2009

REKNESKAPSRAPPORT 1. TERTIAL 2009/BUDSJETTENDRINGAR MV

Det vert vist til ovannemnde sak.

Med bakgrunn i framlagt kommuneproposisjon (KP) for 2010 og revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2009 finn rådmannen det naudsynt å koma med eit tilleggsnotat i saka. Rådmannen tek og med i notatet ei forventa overskriding på Krekavegen.

Budsjettet for 2009

Drifta

Prognosemodell frå KS bygd på KP/RNB føreset ein auke i skatt og rammetilskot for 2009 på 1,4 mill kr. Dette er 600.000 kr utover budsjettetert nivå – for vår del. Rådmannen tilrår at dette vert innarbeidd i saka.

Investeringane - Krekavegen

Oppdatert kostnadsoverslag for Krekavegen med tilhøyrande tiltak syner ein bruttokostnad på 17 mill.kr. 14,750 mill kr av dette er finansiert.

Ny sum inkluderer vegprosjektet og VA-anlegg. Når det gjeld veg, så er prosjektet så langt gjennomført som planlagt. Mengde og kvalitet på massar er likevel noko undervurderte. Når det gjeld VA har det vorte naudsynt med tilleggsarbeid grunna dårleg kvalitet på eksisterande og tilstøytande anlegg. Det er vidare kome til tilleggsselement som kryssing av vegen for framføring av nett mot Heggmyrane. Dette (VA) er delvis tiltak som har vore skisserte i tiltak for Hafslø vassverk og kommunal plan for avløp.

Grunnerstatningar og prisstigning er og over opphavleg kostnadsoverslag.

Det manglar 2,25 mill kr for fullfinansiering. 1,0 mill kr er VA-kostnader og kan takast av løyving til Hafslø vassverk (400.000) og avløpstiltak (600.000). Når det gjeld vegen kan restbehovet på 1,25

mill kr reduserast til 900.000 kr ved at 450 meter av vegarm til Norheim vert opprusta til ein nok enklare standard. Rådmann tilrår dette.

Økonomiplanen for 2010-12

Prognosemodell frå KS bygd på føresetnader i KP føreset ein auke i skatt og rammetilskot på 3,5 mill kr, medan det i utarbeidd/utsend sak ligg inne ein reduksjon på 0,8 mill kr. Auken er i KS sin modell er 0,6 mill høgare enn den prognose KRD har kome med.

Rådmannen legg til grunn KS sin prognose, men vil ta atterhald om ev feil.

Underdekninga i 2010-12, jf utsend sak, kan ut frå dette justerast slik tabellen under viser. Her er også det tilrådde vedtakspunktet i høve helse- og omsorgsplanen innarbeidd.

Tal i 1.000 kr	2010	2011	2012
Underdekning i vedteken økonomiplan	-1353	-9553	-12940
Endringar skissert i utsendt sak	-3725	-3825	-5125
Sum underdekning, jf utsendt sak	-5078	-13378	-18065
Endring/presiseringar i dette notatet:			
Skatt og rammetilskot	4300	4300	4300
Økonomisk ramme helse- og omsorgsplan	2000	6000	8000
Ny underdekning, jf dette notatet	1222	-3078	-5765

**OBS: Minus tyder underskot
Pluss tyder overskot**

Oversikten syner at med dei føreslegne endringar vil 2010 kunne salderast, medan 2011-12 framleis har underdekning.

Tore Eriksen
rådmann

Jan Kåre Norberg
Økonomisjef

Vedlegg: Korrigert tilråding

Endra tilråding:

1. Kommunestyret har ikkje merknader til rekneskapsrapport pr 1.tertial 2009.
2. Kommunestyret vedtek slike endringar i driftsbudsjettet for 2009:
 - a) Budsjettert skatt og rammetilskot vert auka med kr 600.000,-.
 - b) Andre inntekter – skjønnsstilskot barnehage vert auka med 2,0 mill kr.
 - c) Renteutgifter vert redusert med 5,6 mill kr.
 - d) Renteinntekter vert redusert med 3,4 mill kr.
 - e) Styrka barnehagetilbod, sped.ped haust 2009, vert redusert med kr 200.000,-.
 - f) Timetalsressurs grunnskule vår 2009 vert auka med kr 700.000,-.
 - g) Timetalsressurs grunnskule haust 2009 vert auka med 2,260 mill kr.
 - h) Ressurs SFO haust 2009 vert auka med kr 150.000,-.
 - i) Tiltak legestabilisering vert auka med kr 165.000,-.
 - j) Eigeidomsavgifter vert auka med kr 500.000,-.
 - k) Vinst ved sal av konsesjonskraft vert redusert med 5,0 mill kr.
 - l) Inntektsført premiavvik i 2008 vert oppdekka i 2009. Auka løyving 7,151 mill kr.

Kommunestyret vedtek slik inndeckning:

m) Bruk av rekneskapsoverskot 2008	kr 7.479.900,-
n) Generell reduksjon i drift av grunnskule	kr 1.000.000,-
o) Forbruk av bufferfond konsesjonskraftvinst	kr 1.000.000,-
p) Bruk av disposisjonsfond	kr 446.000,-

Kommunestyret vedtek at rekneskapsoverskot investeringar 2008 - kr 398.721 - inngår i finansieringsgrunnlaget for investeringane i 2009. Låneopptaket vert tilsvarende redusert.

3. Kommunestyret vedtek av investeringsprosjektet Krekavegen vert tilført 1,9 mill kr, finansiert slik:
 - a) Hafslo vassverk - reduksjon av løyving 0,4 mill kr.
 - b) Andre avløpstiltak - reduksjon av løyving 0,6 mill kr.
 - c) Bruk av ubunde investeringsfond 0,9 mill. kr.
4. Kommunestyret er innforstått med at budsjettendringane i pkt 2 over vil forsterke ubalansen i økonomiplanen. Kommunestyret ber ut frå dette formannskapet - som styringsgruppe for ny helse- og omsorgsplan - leggje fram eit planutkast som gjev slike innsparringar i høve økonomiplanen: 2010: 2,0 mill kr, 2011: 6,0 mill kr og 2012: 8,0 mill kr. Kommunestyret vil seinare kome attende med ytterlegare tilpassingar for å balansere økonomiplanen.
5. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å overføre koordineringa av det kommunale rusarbeidet frå NAV Luster til helsesjefen.